



Ryddinga av Børnes kai har vore eit langdrygt kapittel, men i dag skal kommunen ha ros for eit skippertak: Sandsiloen som har vore eit skjemmande innslag i mange år vart endeleg fjerna.

Sverre Myklebust Maskinstasjon fekk siloen over i spesialbåten Sandsund som transporterte han over til Eldøyane på Stord for destruksjon.

No ventar ein på at ein ny og ein gammal haug med hun også skal bli fjerna og såvidt vi skjønar arbeider kommunen med å finna fram til ei praktisk løysing også på dette problemet.

Biletet viser siloen slik han låg i mange år - no er han borte.

(Foto: Ola Matti Mathisen)